



# Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hyllestad kommune

---

*Perioden 2011-2015*

## Innholdsliste

1. Innleiing .....	2
1.1 Lovverk.....	2
1.2 Arbeidet med å lage rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hyllestad .....	3
2 Rusmiddelsituasjonen.....	4
2.1 Utviklinga av alkohol- og narkotikaforbruket i Noreg.....	4
2.2 Utviklinga av alkohol- og narkotikaforbruket i Hyllestad.....	5
3. Rusmiddelbruk som utfordring i kommunen .....	5
3.1 Vaksne og alkohol .....	5
3.2 Ungdom og alkohol .....	6
3.3 Illegale rusmiddel .....	6
3.4 Vanedannande medisin.....	6
4. Rusmiddelpolitiske mål og strategiar .....	7
4.1 Nasjonale mål og strategiar .....	7
4.2 Visjon for Hyllestad kommune.....	7
5. Hovudmål, delmål og tiltak .....	7
6. Tiltak for å avgrense tilgjenge av alkohol.....	13
6.1 Hovudprinsipp for tildeling av sals og skjenkeløyve .....	13
7. Gjennomføring av planen.....	13
7.1 Nødvendig kompetanseheving .....	13
7.2 Samhandling .....	13
7.3 Økonomiske konsekvensar av planen.....	13
7.4 Evaluering av planen .....	13
Vedlegg: Retningslinjer for salsløyve .....	14
Vedlegg: Retningslinjer for skjenkeløyve .....	14

## 1. Innleiing

Ein vellykka ruspolitikk kan ikkje organiserast, bevilgast eller regulerast. Det handlar om haldingar, handlingar og om å bry seg. Det handlar om å få til dei gode tenestene der brukaren står i sentrum.

Rusmiddel omfattar både tobakksvarer, alkohol, doping, medikament og narkotika. Rusmiddelproblem er samansette. Dette tilseier at planen bør være både tverrfagleg og tverretatleg. Den bør omhandle alle sider av kommunen sitt rusmiddelarbeid.

Føremålet er at kommunen sitt rusmiddelpolitiske arbeid blir sett i ein heilskapleg samanheng. Det er difor behov for å gå gjennom, systematisere og samordne tiltak innan førebygging, behandling og rehabilitering for å kunne gje eit betre og heilskapleg tenestetilbod.

Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet og utgjør ei stor utfordring med konsekvensar som fysiske og psykiske helseproblem, ulykker, kriminalitet, arbeidsuføre med meir. Det er difor viktig at kommunen satsar på å vere oppdatert og jobbe aktivt på dette området. I tråd med ny folkehelselov vil kommunen setje ekstra fokus på folkehelse og førebygging blant born og unge. Det er og viktig å sikre at planen blir godt forankra i det daglege arbeidet med rus.

### 1.1 Lovverk

Lov om omsetjing av alkoholhaldig drikke av 2.juni 1989 §1-7d seier følgjande:

*“Kommunen skal utarbeide en alkoholpolitisk handlingsplan. Departementet kan gi forskrifter om innholdet av kommunal alkoholpolitisk handlingsplan.”*

I 1999 presiserte departementet at planen skal ta opp alle dei rusmiddelpolitiske spørsmåla som kommunane står framfor, og at planen skal kallast rusmiddelpolitisk handlingsplan.

### Hovudprinsipp i alkohollova:

Omsetjing av alkoholhaldig drikke krev særskilt løyve. Løyveperioden er avgrensa til fire år med utgang 30.juni året etter neste kommuneval. Løyvet kan og tildelast for ei avgrensa periode eller til eit bestemt arrangement.

I § 1-7a står det blant anna: *“Ved vurdering av om bevilging bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antalletsalgs- og skjenkesteder. Stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet forøvrig. Det kan også legges vekt på om bevilgingssøker og personer som er nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilging.”*

### **Målsetjingar med alkoholova:**

- Avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som bruk av alkohol førar med seg.
- Avgrense tilgangen på alkohol på stadar der særleg born og ungdom ferdast.

### **Andre lover som regulerer kommunen sitt ansvar i arbeidet med rusmiddel og rusksadar:**

Lov av 2.juli 1999 nr 61 om spesialisthelseteneste

Lov av 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v

Lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tenester m.v

Lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetenesta i kommunane

Lov av 17. juli nr. 100 om barnevernstenester

Lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern av smittsame sjukdommar

Lov av 28. april 1961 nr. 2 om psykisk helsevern

Lov av 1. januar 2012 om folkehelse

Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse og omsorgstenester

## **1.2 Arbeidet med å lage rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hyllestad**

Pr i dag er det Nav Hyllestad som i følgje lovverket har eit hovudansvar for arbeid med rus. Formannskapet i Hyllestad vedtok i oktober 2009 at administrasjonen skulle setje i gang arbeidet med å lage ein rusmiddelpolitisk handlingsplan.

Rådmann Trond Nedrebø er prosjektansvarleg og utgjer saman med leiargruppa ei styringsgruppe. Nav-leiar Kristen Holt er prosjektleiari og sit i prosjektgruppa saman med sosialkonsulent Sigrunn Østerbø, Solfrid Andersen frå frivilligsentralen og ruskonsulent Nina Yndestad

Det blei danna ei referansegruppe som har delteke i prosessen med å lage planen. Denne gruppa har bestått av: Legane Annette Ester og Henrik Høberg, Hafs barnevern v/ Kari Grov, helse og omsorgssjef Hans C. Lundeland, lensmann Egil Husabø, helsesøster Linda Hantveit, psykisk helse v/ Brite W. Ness, omsorgstenestene v/ Målfrid Sognnes, jordmor Brith N. Lunde, PPT v/ Inga Sørebo, Hyllestad skule v/ rektor Kjersti Søvik, plan og utvikling v/ Kjell Eide, Redningsvesten v/ Leif Skaar og Redningsplanken v/ Dagfrid Maagerud.

Hausten 2010 fekk Hyllestad saman med Fjaler prosjektmidlar frå fylkesmannen til styrking av rusarbeid. Kommunane fekk tilskot for 2011 og tilsette ein ruskonsulent i 100% stilling. Prosjektet vil truleg og få midlar i 2012 slik at stillinga vil halde fram ut dette året. Arbeid med rusmiddelpolitisk handlingsplan er ein del av oppgåvene som er tillagt ruskonsulenten.

I løpet av prosjektperioden vil organiseringa av rusarbeid i kommunen bli vurdert. Ut får kva som er behov og i tråd med gjeldane lovverk vil ein sjå på kva løysing som vil gje brukarane best mogeleg tilbod. Det vi i tillegg bli satt fokus på å betre samhandling i kommunen, med nabokommunar og med 2. linjetenesta.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hyllestad er utarbeida i samråd med Bergensklinikkane som er vårt regionale kompetansesenter. Dei har halde kurs med fagleg innhald om rus og rusarbeid, samt gjeve opplæring i planarbeid.

Våren 2011 gjekk ein i gang med ei kartlegging i form av å sende ut brev til referansegruppa og bedrifter, samt lag og organisasjonar i kommunen. Det blei spurd om korleis dei ulike gruppene/personane oppfattar russituasjonen frå sin ståstad. I tillegg blei det spurt om det er bekymring for grupper der rus er eit problem, eksisterande tiltak, kva som er utfordringar og behov i kommunen. Det kom svar får 15 av 16 i referansegruppa, og 7 av 13 blant andre informantar.

## 2 Rusmiddelsituasjonen

### 2.1 Utviklinga av alkohol- og narkotikaforbruket i Noreg

I følgje Sirius sin rapport om rusmiddelsituasjonen i Noreg, publisert i 2009 og 2010, kan ein sjå følgjande trendar:

- Årlig omsetning av alkohol i Noreg per innbyggjar 15 år og over:  
1999: 5,45 liter rein alkohol pr pers  
2009: 6,68 liter rein alkohol pr pers  
Sal av sprit går ned, og sal av vin aukar.
- Ungdomsundersøking i dei store byane Oslo, Trondheim, Stavanger syner ein positiv trend blant ungdom. Seinare debutalder og færre drikk alkohol i ung alder.
- Helsedirektoratet sin undersøking frå 2006-2010 viser at grensesetting hos foreldre gjev resultat. I 2006 hadde 80% av ungdom mellom 15-17 år smakt alkohol, mens i 2010 var talet 57%.
- 387 dødsfall i 2009 med alkohol som direkte eller underliggende årsak.
- Noreg ligg på topp i Europa når det gjeld overdosar. Tred at overdosar har flytta seg får Oslo til bygder og tettstadar. I 2009 var det 285 overdosedødsfall i Noreg, 3 i vårt fylke
- Bruk av cannabis har gått ned frå 2004 til 2009. Derimot kan det sporast ei auke blant dei over 35 år. I Sogn og fjordane er det mindre heroinbruk enn tidlegare.
- Forbruk av andre narkotiske stoff er nasjonalt prega av stabilitet på eit relativt lågt nivå. I befolkninga sett under eit er det amfetamin som ligger høgast.
- Når det gjeld tobakk er forbruk av sigarettar stabilt, det er nedgang i bruk av rulletobakk, og bruk av snus har auka sidan 2000.

## **2.2 Utviklinga av alkohol- og narkotikaforbruket i Hyllestad**

Det føreligg ikkje informasjon som tydar på at Hyllestad er ulik resten av landet når det gjeld bruk av alkohol. Det betyr at alkoholkonsum i antall liter rein alkohol pr innbyggjar har vore stigande dei siste 10 åra.

I ungdomsgruppa er det litt usikkert kor mykje alkohol dei drikk , og dette kan variere frå år til år. Det er i midlertidig registrert gode haldningar til rusbruk i enkelte ungdomsmiljø knytt til sport og andre aktivitetar.

Når det gjeld narkotika har ein ikkje opplysningar som tilseier at det er mykje misbruk av dette pr i dag. Dette er ei positiv utvikling om ein samanliknar situasjonen med nokre år tilbake, då det var eit rusmiljø enkelte stadar i kommunen.

## **3. Rusmiddelbruk som utfordring i kommunen**

Innspel frå kartlegginga som er nemnt tidlegare og samtaler ruskonsulenten har hatt med samarbeidspartnarar i kommunen, har gjeve eit inntrykk av korleis vi oppfattar russituasjonen pr i dag. Opplysningane er basert på noko fakta og elles observasjonar frå dei ulike tenesteeiningane.

### **3.1 Vaksne og alkohol**

Det er ei oppfatning at det er noko alkoholbruk blant vaksne i kommunen. Når det gjeld personar som er avhengig av alkohol så veit ein om nokre som i dag mottok helsetenester. Innspel tydar på at det er personar som nyttar større mengder alkohol en det som er anbefalt frå helsedirektoratet. Desse treng ikkje nødvendigvis ha eller erkjenne at dei har eit problem med alkohol, og dei er difor ikkje under oppfølging av fastlege eller andre. Det er ikkje mogeleg å sei kor mange dette gjeld, men her kan det vere mørketal.

Hyllestad kommune har mange leigearbeidarar som kjem får andre land. Desse kan ha ein annan kultur med tanke på bruk at alkohol. Men basert på innspel ser det ikkje ut til å vere særskilte utfordringar knytt til denne gruppa.

Ut frå kartlegging og eit folkehelse perspektiv bør det vere meir fokus på førebygging og informasjon om rusbruk. I tillegg bør det vere god opplysning om kva tilbod som finst i kommunen for alkoholavhengige og deira pårørande, slik at terskelen for å ta kontakt blir lågare.

I følgje alkohollova § 1-9 pliktar kommunen å føre tilsyn med sals- og skjenkestadar. Dette er noko som bør prioriterast frå kommunestyre i kommande periode. I tillegg til å vere ei lovpålagt oppgåve så er det viktig med jamleg kontroll for å sikre at sals- og skjenkestadane følgjer gjeldane regelverk.



### **3.2 Ungdom og alkohol**

Basert på innspel frå nattugler, foreldre og andre er det truleg at ein del ungdom debuterar med bruk av alkohol i 15-16 års alderen. Det er noko ulik oppfatning om kor mykje ungdom drikk. I følgje helsesøster og skulen er situasjonen oppfatta til å vere noko lunde bra, samanlikna med for 10 år sidan. Mange ungdommar har gode haldningar, og det er i nokre miljø populært å ikkje drikke alkohol.

Det oppstår meir alkoholbruk i enkelte årskull. Alkoholbruken skjer på arrangement som ungdommen lagar til sjølve, offentlege festar og private samankome av ungdom. Det er i 8.-10.klasse at ungdom møter ei utfordring når det gjeld bruk av rusmiddel, og det er eit klart behov for førebyggjande tiltak og haldningsarbeid blant ungdom og foreldre. Både foreldre, lærarar og andre ynskjer å lære meir om kva rusmiddel som er vanlege i dag, verknad av desse og korleis dei skal vere tydelege i grensesetting.

### **3.3 Illegale rusmiddel**

Det er ei felles oppfatning at det er lite bruk av illegale rusmiddel i kommunen pr i dag. Men her må det takast atterhald om at det kan vere rusbruk som ikkje er kjent. Det har tidlegare vore bruk av narkotiske rusmiddel i grupper eller blant einskil individ. Desse miljøa har blitt oppløyst pga fråflytting, dødsfall og at det er blitt sett i gang tiltak med behandling og rehabilitering.

Ei gruppe som mange ytrar ei bekymring for er ungdom som flyttar på hybel. Nokre av desse fell ut av skule og har problem med å komme seg inn på arbeidsmarknaden seinare. Desse ungdommane er i risikosona, og er ofte dei som kjem inn i miljø der rus førekjem i stor grad, både alkohol og illegale rusmidlar. Hausten 2010 registrerte politiet fleire tilfelle av småkriminalitet og bruk av hasjis blant ungdommar som bur på hybel i Førde. Desse ungdommane kom frå både Hyllestad, Askvoll og Fjaler.

Ut frå innspel er det behov for å betre samhandling mellom dei ulike tenestene når det oppstår situasjonar der ein rusmisbrukar treng hjelp, behandling og rehabilitering. Samarbeidet med 2.linjetenesta må bli betre slik at ansvar og oppfølging er klart fordelt. Tilsette i kommunen har og gjeve tilbakemelding på at dei ynskjer å få heve sin eigen kompetanse når det gjeld rusmiddel, og oppfølging av personar som har eit rusmisbruk.

### **3.4 Vanedannande medisin**

Når det gjeld vanedannande medikament er det i nokre grupper rapportert om eit overforbruk. Dette gjeld først og fremst personar som av ulike årsaker har psykiske vanskar eller er einslege eldre. Medikament det kan vere eit overforbruk på er sovemedisin, avslappande og angstdempende medisinar. Legane har i midlertidig god rutinar for å fange opp dette, og er restriktive med å føreskrive vanedannande medikament.

## 4. Rusmiddelpolitiske mål og strategiar

### 4.1 Nasjonale mål og strategiar

I følgje opptrappingsplanen for rus er overordna mål å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for enkeltpersonar og for samfunnet.

Overordna mål kan delast inn i fem hovudmål:

- Mål 1: Tydeleg folkehelseperspektiv
- Mål 2: Betre kvalitet og auka kompetanse
- Mål 3: Meir tilgjengelege tenester og auka sosial inkludering
- Mål 4: Forpliktande samhandling
- Mål 5: Auka brukarinnflytelse og betre ivaretaking av barn og pårørnde

### 4.2 Visjon for Hyllestad kommune

Hyllestad kommune skal styrke det førebyggjande arbeidet innan rus og folkehelse, og arbeide for å få eit narkotikafritt lokalsamfunn og alkoholfrie soner der born og unge ferdast. Kommunen ynskjer å bidra til å redusere total bruk av rusmiddel. Det skal vere god samhandling internt i kommunen, med nabokommunar og med spesialisthelsetenesta. Rusmisbrukarar og deira pårørnde skal få eit heilskapleg og godt tenestetilbod.

## 5. Hovudmål, delmål og tiltak

Handlingsprogrammet inneheld tiltak for å nå kommunale hovudmål og delmål. Oversikta inneheld både eksisterande og nye tiltak.

Alle som er ansvarlege for gjennomføring av tiltak evaluerar desse. I tillegg skal tiltaka evaluerast på årleg møte i referansegruppa.

### 5.1 Mål: Førebyggje for å redusere bruk av rusmidlar, spesielt blant barn og unge.

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Føremål	Merknad
	FRI (Røykfri kampanjen)	Hyllestad skule og helsesøster	Førebyggje helseskadar	Frå 8.-10.klasse
	Undervisning om rus til born og unge	Hyllestad skule	Lære om rusmiddel og skadeverknadar. Bevisstgjere eigne haldningar.	Kan samarbeide med helsesøster og andre om å gje informasjon.
	Informasjon frå Dale vgs på ungdomstrinn (10. klasse)	Hyllestad skule og OT ved Dale vgs	Informasjon om skuleval og førebyggje dropout på vgs.	Sjå på moglegheitene for at denne info og kan gjevast tidlegare.



Nr	Tiltak	Ansvarleg	Føremål	Merknad
	Psykisk helse i skulen	Helsesøster	Førebyggande arbeid	
	Markering av verdsdagane: tobaksfri dag, og psykisk helse	Helsesøster, nav, psykiatritenesta og frivillig-sentralen	Informere og bidra til god folkehelse. Bevisstgjerung.	
	Individuell oppfølging. Samtalar med elevane i 8. og 10.klasse.	Helsesøster	Gje individuell informasjon og rettleiing.	Helsestasjon for ungdom 2 timar i veka som eit lågterskeltilbod.
	Lovpålagte helsestasjonsoppgåver.	Helsesøster	Bidra til god folkehelse og tidleg intervensjon	
	Rutine for å ta opp tema rus (alkohol, tobakk, medikament) med gravide.	Jordmor	Førebygge rusmisbruk og skade på foster.	
	Trivselsskapande tiltak for born og vaksne.  Ungdomsklubb og andre aktivitetar.	Frivillig-sentralen, lag og organisasjonar.	Fremme gode oppvekstvilkår og trivsel som bidrar til god folkehelse. Gjere kommunen attraktiv slik at ungdom kjem heim i helgane.	Åfjordalen u.l planlegg ungdomsklubb. Innbyggjarane må få informasjon om aktivitetar som skjer i kommunen.
	Bussugler	Frivillig-sentralen	Rekruttere vaksne til arrangement for ungdom. Skape tryggare ute miljø og førebygge rusbruk.	Bør og vere ansvarlege vaksne på tilstellingar som ungdom lagar til i ungdomshuset mm.
	Skyss ordninga heim for ein 50 lapp	Plan og utvikling	Tilbod til barn og unge for å bidra til at dei kjem seg trygt heim frå arrangement, fest mm.	Søkkjer om midlar frå fylkeskommunen
	Prosjektet tidleg intervensjon	Hafs barnevern	Får heva kompetanse i samarbeid med Bergensklinikkane. Setje fokus på ungdom og rusmisbruk	Samarbeidar med Nav og oppfølgingstenesta .

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Føremål	Merknad
	Pågripingar og uro aksjonar.	Lensmannen i Hyllestad (samarbeid med Høyanger)	Allmennepreventive Omsyn.	Kan utvikle samarbeid med Fjaler og delta meir i førebygging.
NY	Kampanje mot langing  Kan vere informasjonsmateriell eller info på foreldremøte.	Ruskonsulent i samarbeid med foreldreråd og skule.	Sette søkelys på langing frå foreldre og andre. Konsekvensar og bevisstgjerung.	Ruskonsulent bidrar til å etablere tiltak
NY	Arbeide for gode haldningar blant foreldra. Ha foreldremøte med informasjon frå tverrfagleg team.	Hyllestad skule i samarbeid med helsesøster og andre.	Førebyggjande med at foreldre er tydelege og grensesettande rollemodellar.	Opplyse om rusmiddel, skadeverknadar og korleis observere og oppdage bruk
NY	Vaksne til stades på bli kjent festar i regi av Dale vgs og andre festar ungdom deltek på.	FOU ved Hyllestad skule	Må ansvarleggjere Dale vgs, foreldra og andre slik at ungdom ikkje får skipe til desse festane aleine.	Ruskonsulenten bidrar til dialog om dette.
NY	Ungdoms- undersøking	Ruskonsulent	Kartlegge både rus, helse mm i 8.-10.klasse ved Hyllestad skule.	Gjennomførast hausten 2011. Samarbeid med Fjaler og Askvoll.
	Legetenesta aktiv i førebyggjande arbeid	Legane	Folkehelsefokus og førebygging.	Driv førebygging gjennom pålagte fastlegeoppgåver. Utvikle dette slik at førebygging får større fokus.
NY	Akan på arbeidsplassar  Få akan kontaktar på arbeidsplassar der dette er aktuelt.	Bedrifter	Tiltak på bedrifter for å redusere bruk av rusmiddel. Førebygging og hjelpe dei som har rusproblem. Ruskonsulent kan bidra til å sette i gang dette arbeidet.	Ruskonsulent skal ha fokus på arbeidsplassar i kommunen i 2012.
NY	Folkehelse- koordinator	Kommunestyre	Vurdere stilling som folkehelsekoordinat or for å styrke førebyggjande arbeid.	Vurdere interkommunalt samarbeid.

**5.2 Mål: Auke kompetansen på rus blant tilsette i kommunen.**

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Føremål/kommentar	Merknad
NY	Rusforum i Hafs	Ruskonsulent set i gang.	Etablere forum for utveksling av problemstillingar, kunnskap og samarbeid.	Våren 2012
NY	Lage plan for kompetanseheving, gjerne interkommunal.	Ruskonsulent	Finne ut kva behov dei ulike tenestene har for kompetanseheving innan rusfeltet. Lage plan for korleis ein kan heve kompetansen. Søkje ekstrene midlar.	Innan prosjektet med ruskonsulenten er ferdig skal tilsette få heva eigen kompetanse innan rus.
	Undervisning og fagdag (Fylkesmannen sitt rusforum)	Ruskonsulent saman med andre	Sikre at kompetanse på rus i kommunen blir delt med fleire gjennom intern undervisning, ekstrene foredrag, fagdag mm	Ruskonsulenten vil bidra til å utvikle dette.

**5.3 Mål: Btre samhandling internt i kommunen, med nabokommunar og med spesialisthelsetenesta. Fremme tverrfagleg samarbeid.**

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Føremål/kommentar	Merknad
	Tverrfagleg samarbeid mellom ulike tenester i kommunen	Psykiatritenesta, Nav, legane, barnevern, PPT, omsorgstenesta	Sikre heilskapleg behandling og tenestetilbod. Ruskonsulenten vil bidra til å lage gode rutinar for samarbeid.	Alle er ansvarleg for å trekkje inn aktuelle samarbeidspartnarar
	Btre informasjon om einingane sitt tilbod.	Alle som jobbar i kommunen	Sikre heilskapleg oppfølging og godt samarbeid	Ruskonsulenten vil bidra til at alle som arbeidar med rus er kjent med kvarandre sine oppgåver/ansvar.
NY	Vurdere felles rusmiddelpolitisk handlingsplan i Hafs regionen	Ruskonsulenten	Utvikle btre samarbeid med nabokommunar. Dette vil kunne styrke arbeid innan rusfeltet.	Ressurssparande å ha felles plan. Utveksle erfaringar og kompetanse.
	Hyllestad på tvers  Setje tverrfagleg samarbeid i fokus.	Hafs barnevern	Ta opp bekymrings saker vedrørende barn og unge. Tverrfagleg forum. Har og eit prosjekt innan tidleg intervensjon og rus blant ungdom i 2011.	Deltek: Helsesøster, Hyllestad skule, PPT, Nav, barnehage, psykisk helse, fysioterapeut og omsorgstenesta.

**5.4 Ha ein ansvarleg sals- og skjenkepolitikk. Etablere rusfrie soner der barn og unge ferdast.**

<b>Nr</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Føremål/kommentar</b>	<b>Merknad</b>
NY	Rusfrie soner spesielt der barn og unge ferdast	Kommunestyre	Kommunestyre har retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve som ivareteke born og unge.	Sjå siste punkt under kapittel 6.1.
NY	Sals- og skjenkekontroll	Kommunestyre	Opprette kontroll av sals- og skjenkestadar.	I følge alkohollova § 1-9 pliktar kommunen å føre tilsyn med sals- og skjenkestadar. Mogeleg å samarbeide med nabokommunar.
NY	Informasjon til sals- og skjenkestadar om alkohollova samt ansvarleg vertskap.	Ruskonsulenten i samarbeid med ansvarleg for tildeling av løyve.	Sals- og skjenkestadar skal kjenne gjeldande lovverk, samt ha kunnskap til å ha gode interne rutinar for sal/skjenking av alkohol.	Lage informasjonsmateriell som bidrar til ansvarleg vertskap på sals- og skjenkestadar.
	Haldningsskapan de arbeid blant frivillige lag og organisasjonar	Frivilligsentralen.	Informasjon for å bidra til mindre fokus på alkohol ved arrangement. Bidra til at utleige av lokale til fest har gode rutinar og krav til kven som får leige, samt vakthald.	Ruskonsulenten bidrar til å sette i gang dette.
NY	Av og til kommune	Ruskonsulent førebur sak til kommunestyre. Føl opp vedtak.	Få tilgang til informasjon/matriell som kan nyttast i førebyggjande arbeid	Fokus på folkehelse.

**5.5 Mål: Arbeide for å få eit heilskapleg tenestetilbod til rusmisbrukarar og deira pårørande.**

Nr	Tiltak	Ansvarleg	Føremål	Merknad
NY	Lage rutinar for kartlegging av rusmiddelbruk/misbruk hos Nav, barnevern, psykisk helse, jordmor, omsorgst og helsesøster	Dei ulike tenestene i samarbeid med ruskonsulent.	Få oversikt over rusmisbruk slik at dei som vil ha/treng hjelp får det frå dei aktuelle instansane.	Lage egne skjema til bruk i kartlegging. Legane kartlegg rusbruk i dag.
NY	Pårørande og ettervernsgrupper.  Redningsvesten og Redningsplanken.	Nav	Opplyse om dette tilbudet til brukarar og pårørande..	Støtte opp om frivillig arbeid med rus. Både økonomisk og i forma av samarbeid
	LAR behandling og oppfølging av denne	Fastlege i samarbeid med andre	Sikre god oppfølging av brukar.	Heve kompetanse hos tilsette.
	Behandling av rusmisbruk, oppfølging av brukarar.  Motiverande samtalar og heimebesøk.	Fastlege og Nav	Samarbeid med 2.linjetenesta,, psykiatri og omsorgstenesta. Sikre god oppfølging av brukarar.	Viktig å informere om Rusettervernet og deira tilbod.
	Rehabilitering  Individuell plan og oppfølging.	Fastlege og andre samarbeidspartnarar i Nav og helsetenesta.	Kartlegge behov. Gje råd, støtte og bidra til meistring.	Lage gode rutinar for tverrfagleg samarbeid.
	Søke om akutt hjelp/ institusjonsplass	Fastlege og Nav	Søkje brukar til utredning og behandling.	
	Lågterskeltilbod som støttekontakt, treningskontakt, aktiv på dagtid mm.	Helse og omsorgstenestene	Tenester som bidrar til å auke livskvalitet og helse.	Aktiv på dagtid har tilbod 3 gongar i veka.
	Individuell plan og ansvarsgruppe	Koordinator som samordnar tenestene	Sikre heilskapleg tilbod med bustad, arbeid og økonomi, fritidstilbod.	Viktig å avklare kven som skal vere koordinator.
	Ruskonsulent/koordinator etter prosjektet ”saman er vi mindre aleine”	Ruskonsulent i samarbeid med andre	Avklare organisering av rusarbeid i kommunen.	Sjåast i samanheng med folkehelse.

## **6. Tiltak for å avgrense tilgjenge av alkohol**

### **6.1 Hovudprinsipp for tildeling av sals og skjenkeløyve**

- Skjenkeløyve skal tildelast i følgje alkohollova § 1-7a.
- Brot på sals og skjenkeløyva skal forfylgjast straks dei vert avdekka.
- Politi eller andre instansar som avdekkar brot på alkohollova skal melde frå om dette til kommunen.
- Restriktiv haldning til sal og skjenking på stader der born og unge ferdast.

**Det skal ikkje tildelast løyve, fast eller ambulerande, til skular, barnehagar, idrettsanlegg og andre lokale i tida der born og unge utgjer ei viktig brukargruppe.**

## **7. Gjennomføring av planen**

### **7.1 Nødvendig kompetanseheving**

Behov ein ser i dag er at ulike einingar treng/ynskjer meir faktakunnskap om rusfeltet. Mykje at dette kan løysast ved å dele den kunnskapen nokre alt har, få informasjon av samarbeidspartnarar, regionalt rusforum, intern undervisning. I tillegg vil det vere aktuelt å lage fagdagar der det er mogeleg å hente inn ekstern fagkompetanse som frå for eks Helse Førde, Tronvik, Bergensklinikkane. Målet er å få til dette med minst mogeleg kostnad. Dette er noko ruskonsulenten vil arbeide med for å sjå på ulike alternativ.

### **7.2 Samhandling**

Mange einingar har i dag eit godt etablert tverrfagleg samarbeid, andre ynskjer at rutineane kan bli betre. Ruskonsulenten vil i samarbeid med dei ulike tenesteeiningane sjå på eksisterande samhandling og korleis denne kan bli betre, samt lage gode rutinar som er kjent i organisasjonen. Ruskonsulenten vil og jobbe for å styrke samarbeid med 2. linjetenesta, frivillige organisasjonar mf.

### **7.3 Økonomiske konsekvensar av planen**

Hyllestad kommune har i dag mange etablerte tiltak innanfor rusfeltet. Tiltak som blir vidareført og nye tiltak som kjem til i planen vil hovudsakleg kunne gjennomførast innanfor budsjetta til dei ulike tenesteeiningane. Dersom det skal gjennomførast tiltak som er kostnadskrevjande må dette først avklarast i budsjett for kommunen. Det er og aktuelt å søkje fylkesmannen og ulike departement om støtte til forskjellige tiltak, avhengig av kva statsbudsjettet gjev rom for med ulike støtteordningar/tilskot mm.

Når det gjeld skjenkekontroll så vil dette medføre ein kostnad for kommunen. Men her er det mogeleg å sjå på ulike alternativ lokalt eller i samarbeid med nabokommunane.

### **7.4 Evaluering av planen**

For å sikre at planen blir forankra i dagleg arbeid, og at tiltak blir følgt opp, er det hensiktsmessig at ein har eit møte i referansegruppa årleg. Då kan ein justere arbeid dersom tiltak fell vekk, eller det er behov for nye. Planen er laga for 4 år, men er ikkje meint å vere eit statisk dokument. Russituasjonen i kommunen kan endre seg, og det er viktig at tiltaka blir evaluert for å stette behovet etter som det endrar seg. Ruskonsulenten vil vere ansvarleg for årleg møte i referansegruppa i prosjektperioden. Deretter er det naturleg at den tenesteeinga som er hovudansvarleg for rus tek over denne rolla.

## Vedlegg til planen

### Retningslinjer for salsløyve

<b>Salsløyve</b>	Løyve til sal av øl og rusbrus opp 4,7 volumprosent alkohol er avgrensa til daglegvarebutikkar. Det kan ikkje gjevast løyve til sal av øl og rusbrus til bensinstasjonar og kioskar jf. forskrift til alkohollova §3-4.
<b>Salstider</b>	Salstida for øl og rusbrus opp til 4,7 volumprosent alkohol følgjer opningstida til daglegvareforretningane, men er avgrensa av Alkohollova sine ytre tider: kl. 0900 – 2000 på kvardagar kl. 0900 – 1800 på dagar før søn- og helgedagar.
	Det er ikkje lovleg å selje drikk som nemnt på søn- og helgedagar, 1. og 17.mai og på valdagar.

### Retningslinjer for skjenkeløyve

<b>Skjenkeløyve</b>	Ikkje avgrensing i tal løyve
<b>Type løyve</b>	Verksemder/vurderingskriterium
<b>Generelt løyve for skjenking for øl, vin og brennevin</b>	Hotell Restaurantar og andre serveringsverksemder der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at alkoholserving kan forsvarast, jf. Alkohollova §1-7A ("... staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordenstilhøve næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet elles ..")
<b>Løyve til skjenking av øl og vin (opp til volum- prosent 22) og ev brennevin ved enkeltarrangement</b>	- Offentlege forsamlingslokale, grendahus og liknande - Uteservering i samband med spesielle arrangement. Skjenkestaden skal vere klårt avgrensa.  Løyve til servering av øl og vin ved enkeltarrangement skal vere i samband med <b>særskilde arrangement</b> . Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement eller arrangement der born og unge er ei målgruppe.
<b>Ambulerande løyve. Løyve til servering av øl, vin og brennevin ved lukka lag</b>	- Offentlege forsamlingslokale, grendahus og liknande. - Uteservering i samband med spesielle lukka arrangement. Skjenkestaden skal vere klårt avgrensa.  Det er <b>ikkje</b> øvre grense på tal ambulerande skjenkeløyve.



	Løyve til servering av alkohol ved enkeltarrangement skal vere i samband med <b>særskilde arrangement</b> . Det vert ikkje gitt skjenkeløyve i samband med idrettsarrangement eller arrangement der born og unge er ei målgruppe.
<b>Alkoholservering utan løyve</b>	Privatpersonar som leiger/låner eit lokale kan servere alkohol utan løyve ved særskilt høve og i lukka lag – jf. Alkohollova §8-9 siste lekk. Eit slikt fritak gjeld <b>ikkje</b> organisasjonar som leiger/låner eit lokale.
<b>Ingen løyve til</b>	Stadar /arrangement som er spesielt retta mot ungdom under 18 år, eller der born og unge er ei målgruppe. Idrettsarrangement og liknande. Kioskar og bensinstasjonar.
<b>Skjenketider</b>	Konsum av skjenka alkoholhaldig drikk må opphøre seinast 30 minutt etter skjenketids slutt jf. Alkohollova§4-4.
Brennevin	Måndag – søndag kl 13.00 – 01.00
Øl og vin– (opp til volum-prosent 22) inne	Måndag – søndag kl 10.00 – 02.00
Øl, vin og brennevin - ute	Som over, men avgrensa til tidsrommet 1.mai – 30.september.
<b>Gebyr</b>	Dei årlege gebyra som vert kravd inn, skal nyttast til kommunen si utøving av kontroll med sals- og skjenkestadene, gjennomføring av kunnskapsprøva og til førebyggjande tiltak.
<b>Kontroll</b>	Kommunen har med heimel i Alkohollova§1-9 ansvar for kontroll med utøving av kommunalt skjenkeløyve. Kontroll av sals- og skjenkestader skal gjennomførast av innleigde kontrollørar
<b>Inndraging av sals- og skjenkeløyve</b>	Kommunen vil ha rett til inndraging av løyve ved følgjande brot på Alkohollova/kommunale retningsliner: Gruppe A: 1. Sal / skjenking av mindreårige 2. Sal / skjenking til rusa personar 3. Narkotikamisbruk.  Gruppe B: 1. Sal / skjenking utover sals-/skjenketid 2. Ikkje levert omsetjingstal i rett tid 3. Ikkje betalt løyvegebyr i rett til.
<b>Sanksjonsreglement</b>	Følgjande prosedyre og tiltak skal setjast i verk overfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgevinga, andre relevante lover og kommunale retningsliner for alkoholomsetnaden:  1. Dersom alkoholkontrollørane etter alkoholkontroll meiner å påvise brot på alkohollova/ kommunale retningsliner ved sals- eller skjenkestad, skal kontrollørane skrive utfyllande, detaljert rapport til kommunen.  2. Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals- eller skjenkestanden og ber om merknader og/eller kallar inn til

	<p>samtale for å klargjere dei faktiske tilhøva. I slike samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjere greie for korleis dei vil syte for at eventuelle brot på alkohollovgjevinga/kommunale retningsliner ikkje skal skje i framtida.</p> <p>3. Dersom det er påvist klare lovbrod/regelbrod, skal administrasjonen ved første gongs tilfelle sende skriftleg åtvaring til den aktuelle verksemda, og orientere kommunestyret.</p> <p>4. Dersom det er påvist klåre lovbrod/regelbrod trass i tidlegare åtvaring, skal det fremjast sak om inndraging av sals- eller skjenkeløyvet for forvaltningsutvalet.</p> <p>Gruppe A: Ved brod nr. 2 vert løyvet drege inn for 2 veker. Ved brod nr. 3 vert løyvet drege inn for 4 veker. Ved brod nr. 4 vert løyvet drege inn for 6 veker.</p> <p>Gruppe B: Ved brod nr. 2 vert løyvet drege inn for 1 veke Ved brod nr. 3 vert løyvet drege inn for 2 veker Ved brod nr. 4 vert løyvet drege inn for 3 veker.</p> <p>Dette punktet gjeld for ein skjenkeløyveperiode.</p> <p>5. Dersom lovbrodet/regelbrodet etter administrasjonen si vurdering er av særsl alvorleg karakter, skal det fremjast sak til kommunestyret om inndraging av salsløyvet/ skjenkeløyvet umiddelbart.</p>
<b>Sakshandsaming</b>	Delegasjonsreglementet ligg til grunn for ansvarsdeling mellom kommunestyret og administrasjonssjefen.